



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/3553 - 17/34314

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
05.12.2017

## Gbnr 215/2 Eidsnes Ytre. Tilskot til drenering av jordbruksareal som er grøfta før.

### Dokument:

Søknad om tilskot til drenering, kostnadsoverslag, kart som syner om lag i kva område grøftene skal etablerast.

### Søknaden:

Tiltak er på to ulike stader på eigedommen. Tiltak 1 ligg på eit fulldyrka område nordvest på eigedommen. Det grenser mot E39. Her skal det leggst ned 184 meter grøft om lag midt i feltet. Det gjeld ikkje systematisk grøfting, men å betre jorda sitt høve til å tørke raskare opp.

Tiltak 2 ligg mot sør ikkje så langt unna tunet. Området er fulldyrka myr og det skal leggst ned om lag 170 meter grøft. Føremålet er det same som før – og sikre at jorda tørker opp slik at areala kan haustast.

Det skal nyttast singel som dekkmaterial. Det er ikkje gjeve opp røyrdimension, om dei nye grøftene skal kopløst på alt eksisterande avløp eller korleis dei nye grøftene skal fungere saman med eksisterande grøftesystem.

Kostnadsoverslaget for begge tiltaka samla er kr.48290 for materialar og arbeid med 350m grøft.

Søker skriv at tiltaket ikkje vil ha negativ verknad på kulturminne, naturmangfald eller i høve til auka avrenning frå området.

### Vurdering:

Det er stor trong generelt for grøfting av areala i Nordhordland. Tiltaket det er søkt om tilskot til her må seiast å ha karakter av å løyse eit akutt problem, medan ein reelt sett burda ha grøfta heile området systematisk og kanskje heva areala for å sikre godt avløp.

Slike tiltak er dyrt og krevjande, og då er tiltaket som no er planlagd ein måte å sikre at dei gjeldande areala framleis kan verte hausta.

Kommunen rår til at det vert løyvt kr.30,-/meter til usystematisk grøfting.

### Vedtak:



Med heimel i forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord løyver Lindås kommune kr.10500,- i tilskot til usystematisk grøfting av areal på gbnr 215/2 Eidsnes ytre. Løyvinga er i samsvar med søknaden.

Frist for å gjennomføre tiltaka det er søkt om vert sett til 01.01.2019.

**Klage:**

Vedtaket er eit enkeltvedtak og partane kan klage over vedtaket innan tre veker frå ein fekk vite om avgjerda. Jf. §§ 28 flg. I forvaltningslova.

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
landbrukssjef

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Egil Magnar Eidsnes  
Fylkesmannen i Hordaland

Eidsnesvegen 107 5913  
Postboks 7310 5020

EIKANGERVÅG  
BERGEN